Vidar Brakstad
Ryland 30
5917 Rossland

Ryland, 30. September 2014

Meland Kommune
v/postmottak@meland.kommune.no

**Vedrørende høyring av kommuneplanen sin arealdel.**

**487daa LNF område på Ryland foreslått til næringsformål.**

**(Område N_10 i arealplankart. Område nr. 104 i konsekvensutgreiinger.)**

Underteikna er eigar av, og busett på Gnr43/Bnr2 på Ryland. Eigedomen grensar mot det føreslegne næringsområdet.

Eg vil med dette gje utrykk for at eg meiner storleiken til næringsområdet som er foreslått på Ryland er urimelig stor. Bandlagt areal bør reduserast betrakteleg. Det må vera langt større avstand til eksisterande busetnad og gardsbruk både på Ryland og Steinberget.

Helst bør heile næringsprosjektet på Ryland skrinleggjast i denne omgang. Her er verken veg eller annan infrastruktur på plass for ei slik utbygging. Etter mi meining er heller ikkje etterspurnaden etter næringsareal i denne (eller andre) delar av kommunen så stor som kommuneleiinga ønskjer å gje utrykk for – verken i dag, eller innafor tidsramma til arealplanen.

Vidar Brakstad